

Sesjon om kystlynghei ved Knut Austad

Knut informerte om ambisjonane museet har for å formidle kunnskap om lyngheier og lyngheikultur. Han presenterte pedagogiske opplegg både til grunnskule, vidaregåande skule og andre. I opplegga er det m.a. teke omsyn til LA 97.

I formidlingsprosjektet har museet ambisjonar om å:

- samle inn og registrere materiale
- ta jordprøvar ein gong i året
- analyse kjemiske sambindingar (N,P, K, Ca) og pH
- analysere vegetasjon (ruteanalysar), artsbestemming
- lage herbarium
- dokumentere området årleg gjennom bilete og video

Knut viste fram hjelpemiddel nytta i pedagogiske undervisningsopplegg som t.d. rute til vegetasjonsanalysar, utstyr til jordprøvetaking og bor til årringsprøve.

Svært viktig i formidlingsprosjektet er også bruk av moderne IKT-teknologi. Elevar blir opplærte i bruk av GIS og GPS. Dei lærer grunnprinsippa i GIS og legg eigne måledata inn på berbar PC. Til dette opplegget har museet kjøpt inn 15 berbare PC'ar og 15 GPS mottakarar.

Museet disponerer også ein gard i Gjesdal som blir nytta i undervisning. Her blir det fokusert på skjøtsel, arbeid som er nødvendig for å oppretthalde strukturar i området.

Hans M. Hanslin (Bioforsk vest) presenterte deretter forskingsprosjektet "Skjøtsel av lynghei" i Hanabergmarka med vektlegging av forsøksmetodikk og design. I forsøket inngjekk 6 kombinasjonar med tre gjentak av kvar av desse kombinasjonane: Sviing med og utan beite, slått med og utan beite og kontroll med og utan beite.

I diskusjonsdelen vart det mykje diskusjon om opplegget for skjøtelsforsøket, spesielt for teknikkar for avsviing.

Etter diskusjonen kan ein oppsummere desse hovudpunkta for sviing:

- bruk klede av bull og bomull, IKKJE klede i kunststoff
- bruk lue og vottar
- bruk spade med langt skaft (aluminiumsspade), ikkje bruk busker eller sekker (lite effektive)
- brenn både mot og med vinden.

LH